

**KONTROLLUTVALET
I
SOGNDAL KOMMUNE**

ÅRSMELDING 2020

Innleiing

Kommunelova (KL) sjuende del, kapittel 22 til 26 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Kommunestyret har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga, jfr. KL § 22-1. Kommunestyret vel eit kontrollutvalet til å stå føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga, jfr. KL § 23-1.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret og dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre politiske og administrative organ. Det er berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet. Sekretariatet for kontrollutvalet skal vere uavhengig av rådmannen.

Etter kommunevalet i september 2019 valde kommunestyret følgjande kontrollutval for perioden 2020 – 2023 i nye Sogndal kommune:

Laila Wigum – leiar	(H)
Heidi Kathrin Osland – nestleiar	(SV)
Ant Hovland Munthe – medlem	(H)
Ingvar Stadheim – medlem	(AP)
Gunnstein Flugheim – medlem	(SP)

Laila Wigum vart og valt inn i kommunestyret.

For SP og SV er det nemnt opp følgjande varamedlemar:

Laura Kvamme – 1. vara
Jan Sigurd Haugen – 2. vara
Lars Atle Fretland – 3. vara
Ingrid Syse – 4. vara

For Frp, H, V, KrF og MDG er det nemnt opp følgjande varamedlemar:

Sigurd Sætre – 1. vara
Eva Ramstad – 2. vara
Ådne Åm Risa – 3. vara
Halvard Danevik – 4. vara

For Ap er det nemnt opp følgjande varamedlemer:

Liv Synnøve Bøyum – 1. vara
Gunstein Lund – 2. vara
Astrid Hove – 3. vara

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret og dette gjer at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre politiske og administrative organ. Det er følgeleg berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet sitt hovudmål er å medverke til at kommunen sine oppgåver vert løyste på ein best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Hausten 2019 vart ny kommunelov gjort gjeldande, utan at det betyr vesentlege endringar for oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine oppgåver er heimla direkte i kommunelova kapittel 23 og i forskrift om kontrollutval og revisjon fastsett av Kommunal og regionaldepartementet.

Kontrollutvalet sitt ansvar for tilsyn og kontroll er todelt, der den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen, og den andre oppgåva rettar seg mot utføring av revisjonsoppgåvene.

Revisjonsordninga til kommunen – Vestland Revisjon KO

Sogndal kommune har saman med stordelen av dei andre kommunane i fylket etablert Vestland Revisjon KO. Den nye oppgåvefelleskapet er ei samanslåing av tidlegare SF Revisjon IKS og dei andre interkommunale revisjonsordningane i tidlegare Sogn og Fjordane.

Vestland Revisjon er eit kommunalt oppgåvefelleskap, regulert av kapittel 19 i kommunelova. Sogndal kommune har inngått ein samarbeidsavtale med dei andre deltakarane i oppgåvefelleskapet. Kommunen forpliktar seg i følgje avtalen til å kjøpe tenester vedkomande finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll av Vestland Revisjon KO.

Vestland Revisjon KO vart formelt skipa den 30.09.2019.

Sekretariat for kontrollutvala

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredstillande sekretærbistand.

I 2017 gjorde kommunestyret vedtak om å inngå avtale om sekretariatsfunksjon med PwC med verknad frå 1.6.2017. Avtalen går fram til 01.06.2019 og den kan forlengast to gonger for to år om gongen. Ved samanslåing til nye Sogndal kommune låg det høve i opprinneleg avtale til at ein kunne forlenge avtalen også for den nye kommunen. Avtalen er forlenga til 1.6.2021.

Sekretariatet er sett saman som ein prosjektorganisasjon med ein overordna leiar og tre medarbeidarar frå PwC som er ansvarleg for oppfølging av sekretariatsfunksjonen for kvar sine kommunar.

Dei viktigaste sakene i 2020

I 2020 blei det halde 6 ordinære møter i kontrollutvalet, og det blei gjort vedtak i til saman 21 saker.

Dei viktigaste sakene har vore:

- Årsmeldingar for kontrollutvala i «gamle» Sogndal, Leikanger og Balestrand for 2019
Kontrollutvalet har som sak 4/19 handsama årsmeldingane for 2019 for kontrollutvala i alle dei tre tidlegare kommunane. Årsmeldingane vart sendt over til kommunestyret til orientering.
- Årsrekneskapen 2019 for gamle Balestrand kommune.
Kontrollutvalet handsama i sak 8/20 kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for 2019. Fråsegna vart lagt ved saka til kommunestyret, og sendt som kopi til formannskapet.
- Årsrekneskapen 2019 for gamle Leikanger kommune.
Kontrollutvalet handsama i sak 9/20 kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for 2019. Fråsegna vart lagt ved saka til kommunestyret, og sendt som kopi til formannskapet.
- Årsrekneskapen 2019 for tidlegare Sogndal kommune.
Kontrollutvalet handsama i sak 10/20 kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for 2019. Fråsegna vart lagt ved saka til kommunestyret, og sendt som kopi til formannskapet.
- Overordna analyse (risiko- og vesentlegheitsvurdering) og ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kontrollutvalet har i 2020 utarbeidd ei overordna analyse som grunnlag for ny plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet nytta sekretariatet til å utarbeida den overordna analysen, men utvalet var sjølv sterkt involvert, mellom anna i intervju med alle gruppeleiarane for dei politiske partia, intervju med tillitsvalte, verneombod og tilsette i kommunen. Den overordna analysen vart ferdig i september og kontrollutvalet vedtok ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i sak 16/20. Planen vart sendt over til kommunestyret. Kommunestyret handsama planen på sitt møte 21 oktober 2020. Kommunestyret vedtok planen i samsvar med framlegget frå kontrollutvalet. Kommunestyret har gitt kontrollutvalet fullmakt til å foreta endringar og omprioriteringar i planen.

Den prioriterte planen for forvaltningsrevisjon er som fylgjer:

1. Innkjøp og anbudspraksis i Sogndal kommune
2. Arbeidsmiljøet i kommunen
3. Budsjett- og økonomistyring
4. Internkontroll og avvikshandtering
5. Tenestetilbodet innan Pleie og omsorg – fokus på gode tenester og lik handsaming av innbyggjarane
6. Oppvekst – fokus på tverrfagleg innsats og likt tenestetilbod
7. Vatn og avløp

- Kontrollutvalet har gått gjennom tertialrapportane som er framlagt av kommunen og tatt dei til vitande
- Kontrollutvalet har bede administrasjonen og sekretariatet om orienteringar gjennom året. Kontrollutvalet har mellom anna fått:
 - orientering om førebels rekneskapar for dei tre tidlegare kommunane
 - orientering frå Vestland Revisjon KO om den nye revisjonsordninga
 - orientering om kva system ein har for internkontroll i den nye kommunen
 - orientering om kva system ein har for varsling og varslingssekretariat i den nye kommunen
 - orientering om plan for leiarutvikling
 - orientering om korleis kommunen har jobba med tiltak for å tilpasse seg koronapandemien
 - orientering om tidslinjer og avtaleforhold knytt til utbygging av parkeringsskjellar under ny hall ved Sognahallen.
 - orientering om oppfølging av avdekkta avvik for NAV i tilsynsrapportar frå Fylkesmannen
 - fleire orienteringar om utviklinga i sjukefråværet i kommunen
 - orientering om sluttrekneskapen for SHOS
 - orientering om status på IKT-området
 - orientering om dei læringspunkta som vart sett opp i rapporten frå det mellombelse varslingssekretariatet (Advokatfirmaet Brækhus) datert 21.10.2019 og korleis desse vil bli følgt opp i den nye kommunen
 - orientering om forhold kring rammeavtalen Sogn Barnevern har hatt i høve til juridisk bistand
 - orientering om prosessar kring organisering av administrasjonen
- Selskapskontroll SIMAS IKS

I samarbeid med dei andre eigarkommunane vart det vedteke å setje i verk ein selskapskontroll av SIMAS IKS. Fokus for kontrollen var om SIMAS har rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall. Vidare om hushald og fritidsbustader blir belasta rett gebyr (sjølvkost). Rapporten vart lagt fram og handsama i kontrollutvalet sitt møte i november (sak 19/20). Den overordna konklusjonen var at sjølvkost for hushaldningsavfall i det alt vesentlege er godt dokumentert og revisjonen finn ikkje at SIMAS tek inn for mykje gebyr i høve til sjølvkost.

Forvaltningsrevisjonen peika likevel på nokre forbetningspunkt. Rapporten er sendt over til kommunestyret med framlegg til vedtak. Saka var sett opp på kommunestyremøtet i desember, men vart utsett til neste møte.

- Oppfølging av innspel frå Arbeiderpartiet knytt til sak 85-2020 i kommunestyret. Det vart stilt spørsmål ved om ein byteavtale der kommunen får overta areal vederlagsfritt, mot å oppløyse festeavtale for anna areal er i strid med EU sitt statsstøtteregelverk. Basert på desse spørsmåla har administrasjonen sett i verk eit arbeid for å klarlegga faktum. Kontrollutvalet har lagt til grunn at avtalen blir handsama på nytt i kommunestyret, før ein avtale blir inngått.
- Budsjet for 2021
Kontrollutvalet handsama i sak 15/20 budsjettframlegg for 2021 på kontroll- og tilsynsområdet i kommunen. Budsjettframlegget var delt i tre delar; kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstenester knytt til finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet sitt vedtak vart sendt over til kommunestyret til vidare politisk handsaming.

For nærare detaljar og øvrige saker viser kontrollutvalet til møtebøkene.

Andre forhold

Leiar Laila Wigum, nestleiar Heidi Kathrin Osland og medlem Ingvar Stadheim deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 29. og 30. januar.

Arnt Hovland Munthe deltok på kontrollutvalskonferansen på Skei 5. februar 2020. Deltaking på slike konferansar er viktige for å fylgje med i utviklinga innanfor kontroll og tilsyn med kommunal sektor.